



Nasjonalparkstyret  
for Jotunheimen  
og Utladalen

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 20.11.2024  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Etter avtale med styreleiar blir det kalla inn til møte i nasjonalparkstyret via Teams.

Vedlagt følgjer endeleg møteinnkalling med sakspapir.

Med helsing

**Kari Sveen**

nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 43/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 44/2024	Referatsaker		
RS	Tilbakemelding - Jotunheimen NP - minnesmerke - Mille Haugen		2024/9895
RS	Referat - Rådgevande utval - Bessheim, Vågå kommune - 2024		2024/8092
RS	Rapport 2024 - Utladalen LVO - barmark - oppføring av solcelleanlegg på hytte i Koldedalen - Hydro Energi AS		2023/14705
RS	Referat - Synfaring av el. installasjon ved Vetti gard - Utladalen landskapsvernområde - Oppføring av ny straumstolpe og framføring av kabel - 17.10.24		2024/11566
RS	Tellerdata Jotunheimen 2024		2024/12806
ST 45/2024	Delegerte vedtak		
37/2024	Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - barmark - oppføring av solcelleanlegg på hytte i Koldedalen - Hydro Energi AS		2023/14705
38/2024	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av helikopter for transport av varer og avfall - Stiftinga Avdalen Gard		2024/7022
39/2024	Delegert sak - Utladalen LVO - Motorferdsel - 2024 - Helikopter - Transport av materialar og ved frå/til hytter - Årdal JFF v/Vldar Moen		2024/10167
40/2024	Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - ATV og helikopter - fjerning av telelinje inn til Vetti - Linjeproff AS		2023/1314
41/2024	Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - transport av varer/utstyr på Vettisvegen - DNT Tilsyn Stølsmaradalen		2024/11011
42/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - 2024 - 2027 - Utsetting av fisk i Utle - Bil/ATV på Vettisvegen - Årdal Jeger og Fiskerforening		2024/10040
43/2024	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen LVO - dispensasjon - 2024 - forlenging av løyve for transport av materialar og utstyr - Vettisvegen - Stokk og Stein		2024/9216
ST 46/2024	Utladalen LVO - Dispensasjon - Oppføring av straumstolpe og legging av kabel - Vetti gard - Straumnett		2024/11566
ST 47/2024	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde og naturrestaurering, samt SNO-ressursar i verneområde - 2025		2024/12570

ST 48/2024 Jotunheimen NP - Utladalen LVO - dispensasjon -  
motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark -  
øvingsplan - kjentmannskøyering - Luster Røde Kors  
Hjelpekorps

2023/14852

ST 49/2024 Eventuelt

ST 43/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 44/2024 Referatsaker  
Tilbakemelding - Jotunheimen NP - minnesmerke - Mille Haugen 2024/9895  
Referat - Rådgjevande utval - Bessheim, Vågå kommune - 2024 2024/8092  
Rapport 2024 - Utladalen LVO - barmark - oppføring av solcelleanlegg på hytte i Koldedalen - Hydro Energi AS 2023/14705  
Referat - Synfaring av el. installasjon ved Vetti gard - Utladalen landskapsvernområde - Oppføring av ny straumstolpe og framføring av kabel - 17.10.24 2024/11566  
Tellerdata Jotunheimen 2024 2024/12806  
ST 45/2024 Delegererte vedtak  
37/2024 Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - barmark - oppføring av solcelleanlegg på hytte i Koldedalen - Hydro Energi AS 2023/14705  
38/2024 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av helikopter for transport av varer og avfall - Stiftinga Avdalen Gard 2024/7022  
39/2024 Delegert sak - Utladalen LVO - Motorferdsel - 2024 - Helikopter - Transport av materialar og ved frå/til hytter - Årdal JFF v/Vidar Moen 2024/10167  
40/2024 Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - ATV og helikopter - fjerning av telelinje inn til Vetti - Linjeproff AS 2023/1314  
41/2024 Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - transport av varer/utstyr på Vettisvegen - DNT Tilsyn Stølsmaradalen 2024/11011  
42/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - 2024 - 2027 - Utsetting av fisk i Utlå - Bil/ATV på Vettisvegen - Årdal Jeger og Fiskerforening 2024/10040  
43/2024 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen LVO - dispensasjon - 2024 - forlenging av løyve for transport av materialar og utstyr - Vettisvegen - Stokk og Stein 2024/9216



# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/11566-7

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 14.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	46/2024	20.11.2024

## Utladalen LVO - Dispensasjon - Oppføring av straumstolpe og legging av kabel - Vetti gard - Straumnett

### Innstilling frå forvaltar

Straumnett får med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 m) løyve til å grave grøft for legging av straumkabel frå hovudhuset ved Vetti gard til straumstolpe 2327, jf. bilde 2 i Saksopplysningar. Vedlikehald som gjeld utskifting av eksisterande stolpar med nye, kan gjennomførast med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 h). Dette gjeld også utskifting av trafo i trafomast ved Flaten.

Dispensasjonen er gjeven med følgjande vilkår:

- Grøfta skal følgje stien frå det nordvestlege hjørnet av hovudhuset til det sørvestre hjørnet av nabobygget som vist på bilde 2-6 under avsnittet «*Utdrag av referat frå synfaring av el. installasjon ved Vetti gard – Utladalen landskapsvernområde – Oppføring av ny straumstolpe og framføring av kabel – 17.10.24.*»
- Grøfta skal gravast slik at ho er tilpassa legging av røyr på 50 mm i heile lengda, og ho kan gravast inntil 40 cm brei.
- Ved graving av grøfta skal torva leggast skånsamt til side på ein duk. Jord og torv skal leggast tilbake og dekke røyr og evt. dekkplater etter at kabelen er lagt, slik at det ikkje blir liggande synleg i dagen.
- Det skal ikkje såast til med tilført frø, jf. forbodet mot innføring av nye planteartar i verneforskrifta § 3 pkt. 2.1.
- Gravearbeidet kan gjennomførast av grunneigar, ved manuelt arbeid.
- Den eller dei som utfører arbeidet skal vere kjend med desse vilkåra for løyvet.
- Dispensasjonen skal vere tilgjengeleg på staden når arbeidet føregår, og skal kunne visast ved førespurnad.
- Området skal ryddast etter gjennomført arbeid, og setjast i same stand som før arbeidet.
- Etter gjennomført arbeid skal det sendast ein kortfatta rapport til [sfinpost@statsforvalteren.no](mailto:sfinpost@statsforvalteren.no) med kart der kabeltraseen er teikna nøyaktig inn, og med informasjon om kor djupt kabelen vart lagd.
- Løyvet gjeld i to år frå dags dato.

Motorferdsel for transport av utstyr på Vettisvegen krev eige løyve etter etter verneforskrifta frå nasjonalparkstyret.--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Notat/søknad frå Straumnett datert 17.06.24 med skildring av behov for forsterking og trygging av el. installasjon ved Vetti gard.
- Tilbakemelding på notat frå forvaltar ved e-post av 18.06.24 der alternative løysingar for utbetring av behova vart etterspurt.
- Stadfesting ved e-post av 18.06.24 på å ha motteke e-posten frå forvaltar v/Straumnett.
- Ny førespurnad frå Straumnett ved e-post av 04.10.24

## Saksopplysningar

### Notat av 17.06.24 frå Straumnett

«Auka forbruk på Vetti turiststasjon

*Det er montert meir utstyr ved Turiststasjon noko som krev at el.installasjon må forsterkast og tryggast med nytt inntak.*

*Dette medfører at me ynskjer å gjera endring i vårt anlegg i dette området.*

*- Flytte siste stolpe lenger mot mast 2326.*


*- Legge kabel i grøft frå ny plassering av stolpe 2327 og fram til nytt inntak for turiststasjon.*

*- Må og skifte trafo i trafomast ved flaten.*


*Viktigaste er endringane med å flytte stolpe og legge kabel fram inntak.*

*Ynskjer å gjera dette i nær framtid og helst før turistsesongen.*

*Bilde 1. Anlegg i dag:*



Bilde 2. Anlegg etter endring:



Ser at dette har utslag på: - Naturtype, Naturmangfold - Arter og Artsforvalting - Landskap  
Ved søk i Naturbasekart


Me ynskjer ein tilbakemelding frå dykk om desse tiltaka kan gjennomførast før me gjer noko vidare i dette området.

#### **E-post frå forvaltar av 18.06.24**

Hei, og takk for e-post med notat om skildring av ønskja tiltak. Vi forstår at det er behov for å finne ei løysing for forsterking av el.installasjon og trygging med nytt inntak. Som du peikar på i notatet vil ønskja tiltak kome i konflikt med sårbare naturverdiar.

Vetti Gard ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde, og kring bygningane i Vetti er det kartlagt ei slåtteeing av regional verdi, B. Naturmangfald som pregar landskapet er ein viktig del av verneformålet med Utladalen landskapsvernområde, og i utgangspunktet er det derfor vanskeleg å tilrå dispensasjon til eit slikt tiltak. Slåttemark er ein sjeldan og trua naturtype som også har ein eigen handlingsplan i Noreg. Hovudmålet med den planen er å ta vare på dei mest verdifulle slåtteeingene i landet, og dei har fått klassifiseringa A eller B, slik som denne lokaliteten.

Med bakgrunn i dette vil vi tilrå at de vurderer om det er mogleg å finne alternative løysingar for el-behovet i Vetti. Kartet nedanfor viser avgrensinga av den aktuelle slåttemarka. Vi deltek gjerne på synfaring om det skulle vera behov for det.



Figur 1 Kartavgrensing av den aktuelle slåtteeenga ved Vetti gard.


*I alle tilfelle vil oppføring av nye stolpar og legging av kablar vere ei sak som må handsamast av nasjonalparkstyret. Nasjonalparkstyret hadde det siste møtet før sommaren den 11. juni. Neste møte er sett opp 11.-12. september.*

#### **Utdrag av referat frå synfaring av el. installasjon ved Vetti gard – Utladalen landskapsvernområde – Oppføring av ny straumstolpe og framføring av kabel – 17.10.24**

Straumnett v/Holsæter synte til at det er auka el.-forbruk ved Vetti turiststasjon, og dette krev at el. installasjonen må forsterkast og tryggast med nytt inntak. Nye forskrifter set krav om at framføring av straum til bygningane må skje via bakken. Slik får ein fjerna luftleidningar til bygningane, og brannfaren vert mindre.

Vi såg på moglegheita for å legge kabelen i røyr i bakken som vist i bilde 2 i Notat frå Straumnett av 17.06.24:





Bilde 2. Trase for graving av grøft mellom hjørnet på hovudhuset ved Vetti gard og stolpe nr. 2327.

Legge kabel i grøft fra ny plassering av stolpe 2327 og fram til nytt inntak ved nord-vestre hjørne av hovudbygningen på Vetti gard:



Bilde 3

Legge kabelen i stien fra hjørnet av hovudbygningen, slik den blå lina syner, vidare på nedsida av nabobygget.



Bilde 4

Legge kabelen i stien.



Bilde 5

Grave grøft for legging av kabel  
tilsvarende som i stien, frå nedre hjørnet  
av husbygningen og fram til stolpe 2327.





Bilde 6

Grave grøft for legging av kabel fram til stolpe 2327.

Holsæter orienterte om at kabelrøret bør ligge så djupt som mogleg, helst 25 cm under bakken. Gravearbeidet blir planlagt gjennomført manuelt, og så skånsamt som råd av omsyn til sårbar vegetasjon i området. Torva kan leggest skånsamt til side ved graving av grøfta, jord og torv leggest tilbake etter at kabelen er lagt. Gravearbeidet kan gjennomførast av grunneigar. Ein ønskjer å gjennomføre tiltaket så snart som råd, helst før vinteren.

### **Alternativ løysing**

Holsæter orienterte om at alternativ løysing er å nytte dagens plassering av straumstolpar, men at dei må erstattast med nye, og då vil det også koma ein støttestolpe til kvar stolpe. Samstundes blir ikkje branntryggleiken optimal.

### **Sakshandsaming**

I utgangspunktet er forbod mot graving av grøfter innanfor landskapsvernområdet, jf. verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1, men forvaltingsmyndigheita kan gje løyve til «*Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftliner som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h*)». Nasjonalparkforvaltar tek sikte på å legge saka fram for nasjonalparkstyret i styremøte den 20. november.

### **Tilleggsopplysning**

Ved e-post av 29.10.24 opplyser Straumnett v/Holsæter at dersom ein ikkje oppnår ønska djupn på grøfta for legging av kabelrør, så vil ein legge inn ekstra beskytting med dekkplater. Desse platene har ei breidd på 150 mm. Kabel skal leggest i eit rør på 50 mm i heile lengda.

### **Oversending av saka for uttale hjå kulturminnemyndigheita**

Søknad og referat frå synfaring vart sendt over til kulturminnemyndigheita ved e-post den 04.11.24. Kulturminnemyndigheita melde tilbake per telefon den 05.11.24 at dei ikkje har merknader til saka.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter revidert pr. 19.01.2024.

## Verneformål – forskrift

### § 1 Formål

*Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgjfell, brear og geologiske avsetningar der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høgjfell og artar knytte til desse.*
- ---

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

### § 3. Vernereglar

§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet:

*I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernområde er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturisme, jakt og fiske, undervisning og forskning.*

#### 1. Landskapet

##### 1.1 Inngrep i landskapet

*Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.»*

##### 1.2 Reglane er ikkje til hinder for:

*h Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.*

Tiltaket skal gjennomførast ved Vetti gard, i ein lokalitet som i følge naturbase er kartlagt som viktig slåttemark. Forvaltar vurderer difor at søknaden må handsamast etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 i dette tilfellet:



### 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:


- m. Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.

#### **Forvaltningsplan** (utkast frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument)

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda inn i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek vi sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter. Vetti gard ligg i såkalt brukssone i teig 11 – *Heimre Utladalen* – i Utladalen LVO.

I forvaltningsplanen står m.a. følgjande om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen.

**Teig 11: Heimre Utladalen** «Retningslinjer: ...Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.»



#### Kap 8.2 TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST

«.. Offentlege pålegg vedrørande til dømes brannforskrifter, krav til kjøkken og handtering av kloakk og gråvatn kan også presse fram endingar på turisthyttene. Slike tiltak vil bli vurdert etterkvart»

#### **Naturmangfaldlova**

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast i alle dispensasjonssaker.

#### **Presedens**

Det er etablert praksis å gje løyve til nødvendig utbetring av eksisterande anlegg innanfor verneområdet. Det er auka el.-forbruk ved Vetti turiststasjon, og dette krev at el. installasjonen må forsterkast og tryggast med nytt inntak. Nye forskrifter set krav om at framføring av straum til bygningane må skje via bakken. Slik får ein fjerna luftleidningar til bygningane, og brannfaren vert mindre. Tiltaket er forankra i forskrift med omsyn til krav til

tilføring av straum til bygningar via bakken og branntryggleik, det er ikkje tvunge fram pga. auke i standard som nemnt i forvaltingsplan, og tiltaket vil derfor ikkje medføre presedens.

## Vurdering

Tiltaket blir vurdert som nødvendig vedlikehald for å minke brannfaren ved tilføring av straum til bygningane i Vetti, og for å tilfredsstillе forskriftsmessige krav, samstundes som ein legg til rette for auka straumtilføring til Vetti gard.

Med dei behova som er skildra i søknaden må tiltaket vurderast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde slik det går fram av avsnittet om *Verneformål – forskrift og Naturmangfaldlova ovanfor*.

Ved vurdering av søknaden etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 m, må vi ta stilling til om tiltaket vil vere i strid med verneformålet.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfaldlova § 8) m.a. gjennom naturbase, økologisk grunnkart, Framlegg til skjøtselsplan av 08.05.2013, og sårbarheitsvurdering i området Vest-Jotunheimen/Utladalen. Gravearbeidet må gjerast innanfor arealet som er avgrensa som ei viktig slåtteeing (verdi B, dvs. regional verdi) rundt bygningane på Vetti gard. Det er ikkje registrert kulturminne i området.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å kunne vurdere saka. Med dei vilkåra som blir sett for arbeidet og å avgrense gravearbeidet, meiner vi at påvekknaden vil vere akseptabel, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 kjem derfor ikkje til anvending.

Hovudformålet med vernet er m.a. å *«ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande..»* Vidare er formålet med vernet å ta vare på *«eit naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar dette.., naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslir til høgfjell og artar knytte til desse.»*

Slåtteeenga i Vetti er ein naturtype som pregar landskapet og lokaliteten har ein viktig økologisk funksjon (Naturbase). Etter synfaring på staden ser vi at den første delen av grøfta kan gravast i eksisterande sti i gardstunet, og resterande del kan gravast kortaste veg frå det sørvestre hjørnet av kårstova til telefonstolpe 2327. Grøfta i seg sjølv vil ikkje ha særleg betydning for landskapet eller økosystemet, men det er viktig å ta omsyn til naturtypen slåtteeing i området. Det er derfor ein føresetnad at torva blir lagt skånsamt til side på ein duk, og at jord og torv blir lagt tilbake slik at røyr og evt. dekkplater blir dekte godt til etter at kabelen er lagt, og slik at det ikkje blir liggande synleg i dagen. Ved re-vegetering på denne måten vil den stadeigne vegetasjonen kome tilbake utan tilsåing, og vi kan ikkje sjå at tiltaket vil vere i strid med verneformålet eller verneverdiane.

Det er etablert praksis å gje løyve til nødvendig utbetring av eksisterande anlegg innanfor verneområdet. Med gjevne vilkår, vil ikkje tiltaket medføre nye tekniske inngrep. Eldre luftleidningar blir fjerna og det vil vere positivt, både visuelt og av omsyn til fuglelivet. Vi kan derfor ikkje sjå at tiltaket medfører uheldig presedens eller auka belastning på verneområdet (jf. naturmangfaldlova § 10).

For å hindre skade i den sårbare naturtypen slåtteeing, er det sett vilkår om korleis arbeidet skal gjennomførast (jf. naturmangfoldloven § 11).

Legging av ny straumtilføring med ny kabel i bakken blir gjennomført ved manuelt arbeid, ikkje maskinelt. Med gjevne vilkår for løyvet meiner forvaltar at den valde løysinga for betre straumtilføring til bygningane i Vetti vil vere ein god miljømessig metode for tiltaket (jf. naturmangfaldlova § 12). Det er som nemnt ikkje registrert kulturminne i området. Tiltakshavar har likevel plikt til å vise varsomheit og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturminneavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på

automatisk freda kulturminne jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Isolert sett er det ikkje ønskeleg med gravearbeid innanfor verneområdet. Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort ovanfor, meiner forvaltar at graving av grøft for legging av ny straumkabel vil vere den beste løysinga i dette tilfellet, for å dekke behovet for trygg straumtilføring til bygningane, som samstundes er i forskriftsmessig stand. Med vilkåra som er sett for løyvet kan vi ikkje sjå at gravearbeidet vil vere i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til tiltaket på visse vilkår, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. m).

Arkivsaksnummer: 2024/12570-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	47/2024	20.11.2024

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde og naturrestaurering, samt SNO-ressursar i verneområde - 2025

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vil med utgangspunkt i den store ferdselen i Jotunheimen, samanlikna med andre nasjonalparkar, be om at tildeling av tiltaksmidlar også må reflektere besøkstalet og graden av ferdselslitasje på stinettet i dei ulike verneområda.

Nasjonalparkstyret søker om tiltaksmidlar for 2025 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

#### Midlar til arbeid i nasjonalparkstyret og rådgjevande utval

Det blir budsjettert med midlar til inntil fire fysiske møte i nasjonalparkstyret i 2025. Eitt av møta er samordna med møte i Rådgjevande utval. Styret tek stilling til om ein skal arbeide for å få til ein studietur i 2025, og søke om midlar til dette.

#### Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Vedlikehald og fornying av tiltak ved innfallsportane (informasjonstavler, m.m.)
- Formidling av ulike verneverdiar gjennom temabrosjyrar, naturstig og liknande.
- Oppdatere og tilpasse dei besøksretta heimesidene, [www.jotunheimen.info](http://www.jotunheimen.info), med informasjon om dei to nye besøkssentra for Jotunheimen nasjonalpark.

#### Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.

- Større tiltak på Bessegg-stien opp frå Memurubu
- Gammalt rekkverk (stolpar/vaier) på stien opp på Vettismorki frå Vetti; Etter vurdering av fagperson våren 2025 blir det laga plan for alternative løysingar med nye boltar og kjetting i berget på innsida. Gamle innretningar fjernast når det nye blir etablert.
- Legging av kavler/halvklovningar på strekninga med slitasje/erosjon frå brua Morka-Koldedøla – utsiktspunktet ved Vettisfossen – Vettismorki.
- Vurdere vedlikehald og førebyggjande tiltak på andre stiar med slitasje / erosjon eller behov for kanalisering: Bessegg-stien ved Bandet og området rundt Veslløyfte, sti frå Gjende mot Svartdalen, stiar rundt Gjendebru og mot Storådalen, og evt. andre lokalitetar.

#### Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

- Styving/risning av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år, i tråd med tilråding frå Miljøfaglig utredning. Det var slått i 2024 og neste gong blir dermed i 2026.

#### Forvaltningsplan

- Auke kunnskapsgrunnlaget – jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi.
- Registrering av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet i Naturoppdrag

#### Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2025, etter at Miljødirektoratet har vedteke tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap er planlagt vidareført under administrasjon (inngåing av avtalar) og leing i felt av SNO – Jotunheimen/Utladalen.

#### Ønskte tenester frå SNO:

- Oppfølging av ferdselsteljarar i Jotunheimen og Utladalen.
- Skilting: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer. Ettersyn og supplering av løveskilt.
- Oppfølging av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar og følge opp tiltak.
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan.
- Tilsyn og aktuelle tiltak knytt til drift og vedlikehald av utsiktspunkt Vettisfossen, i samsvar med FDV-instruks. (Forvaltninga må med jamne mellomrom leige inn fagfolk for tilsyn med konstruksjonsdelar, og elles dersom ein ser særlege forhold som bør følgjast opp).

#### Sekretariat

Nasjonalparkstyret viser til at sekretariatsbudsjettet må vera på eit slik nivå at forvaltarane får utført pålagte oppgaver, i samsvar med intensjonane i forvaltningsmodellen og i tråd med styrevedtekter og stillingsinstruks for forvaltarane. Vi vil særleg peike på forventninga om at nasjonalparkforvaltninga skal ha god dialog med kommunar, rettshavarar, grunneigarar og andre aktørar i og ved verneområda, og at arbeidet med skjøtsel, tilrettelegging og oppfølging av konkrete saker krev at forvaltarane har rom for å gjennomføre nødvendige synfaringar og møte. Forvaltarane skal også ha moglegheit for å delta på regionale og nasjonale samlingar for forvaltarane, og det er også behov for kompetanseheevande tiltak. Dette betyr at dei respektive statsforvaltarne må setja av tilstrekkeleg budsjett for reiser o.a.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- E-post av 08.11.24 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2025*. Vedlegg:  
- *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Vågå fjellstyre - Rapport motteke 11. juli 2024 – Utført klopplegging/stilrettelegging Øvre Leirungsdalen 2024 og kartlegging av vidare behov – notat – Oskar Pettersen
- Lom fjellstyre – *Rapport Stilrettelegging Memurubu 20.-22.sept 2024* – Tilde Øyjordet

## Saksopplysningar

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for tiltak det kan søkast om. Utdrag av informasjonsskriv av 08.11.24 frå Miljødirektoratet om rammer for tildeling 2025.

*«Elektronisk søknadssenter (ESS) skal som vanlig benyttes for å melde inn behov for midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, og frist for innmelding i ESS er 10. januar 2025. Innmelding av behov for SNO-ressurs skal bygge på planleggingsmøter mellom forvaltningsmyndighet for verneområdene og SNO lokalt.»*

Nasjonalpark- og verneområdestyra har i fleire år meldt inn behov for midler til tiltak i ESS, og har på bakgrunn av innmeldinga fått ei rammetildeling, med rom for å disponere midlane mellom innmeldte tiltak som er innanfor postformålet til kap./post 1420.31 i statsbudsjettet og er i tråd med strategien for bruk av midler til tiltak i verneområde.

Miljørettsprinsippa gjeld for tiltak i verneområde og for naturrestaurering  
*De miljørettslige prinsippene (§§ 8 til 12) i naturmangfoldlovens kapittel II skal legges til grunn ved myndighetsutøvelse som berører naturmangfold. For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket. Vurderingen etter prinsippene skal være forholdsmessig til tiltakets omfang og påvirkning på naturmangfoldet. I henhold til KLD sin veileder om naturmangfoldloven kapittel II, er det ikke nødvendig å henvise til hvert enkelt prinsipp, men vi ønsker at det kommer frem hvilke vurderinger som er gjort.»*

### Tiltak i verneområda

*«Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes og bedres. Miljødirektoratet legger Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder til grunn for tildeling av midler, se vedlegg 1. Prioriteringene i strategien skal også følges ved innmelding av tiltak.»*

- - -

*«Alle innmeldte tiltak skal i tillegg til verneformålet være i tråd med godkjent forvaltningseller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokumenter. Tiltaksplaner i FPNV (forvaltningsplan på nett) er koblet til søknadskjema i ESS. Disse tiltaksplanene åpnes i ESS, og FPNV-tiltak velges direkte inn i søknadsskjemaet.»*



Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak.»

#### *Pågående skjøtselstiltak*

- Tiltak der SNO er økonomisk ansvarlig, meldes inn som enkelttiltak i ESS, og ikke som del av en ramme. - - - -

#### *Informasjonstiltak*

« - - - Alle informasjonstiltak som iverksettes skal være i henhold til merkevaren Norges nasjonalparker og være forankret i en besøksstrategi. - - - »

#### *Driftsmidler til verneområdestyrene*

Verneområdestyrene skal melde inn behov for driftsmidler over post 1420.21 i ESS. - - -

#### *Forvaltningsplaner og bevaringsmål*

Forvaltningsplaner skal utarbeides i det nettbaserte FPNV-systemet. Behov for midler til forvaltningsplaner skal meldes inn i ESS, i skjemaet Behovsinnmelding statsforvalteren.

Vi trenger å vite hva som er effekten av tiltak som settes inn, og det er derfor viktig med effektmåling av tiltak. Vi oppfordrer derfor forvaltningsmyndigheten til å etablere bevaringsmål i Naturoppdrag.

#### *Ferdsestellere*

Vi har frem til nå hatt et opplegg for ferdselstellere i verneområder der Miljødirektoratet besitter tellere, som fordeles til forvaltningsmyndighetene basert på behovsinnmelding. SNO lokalt har bistått med oppsetting og drift, samt ajourføring av databasen.

Erfaringene med dagens opplegg for ferdselstellere viser imidlertid at SNO bruker uforholdsmessig mye tid på oppfølging av tellere, og det er behov for å redusere SNObidraget grunnet begrensede ressurser. Dette betyr at forvaltningsmyndighetene kan forvente mindre SNO-bistand til tellere i felt. Vi er i ferd med å avklare opplegg for 2025, og vil komme med informasjon når dette er avklart.

For 2025 meldes behov for Miljødirektoratets elektroniske ferdselstellere inn i ESS som før. Det skal meldes inn både behov for å kunne beholde tellere som allerede er i bruk og behov for nye tellere. I kostnadsfeltet skrives kr. 1. Det er ikke ønskelig at forvaltningsmyndighetene kjøper inn tellere selv ved bruk av tiltaksmidler.

#### *Planlegging av verneområdearbeidet*

Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsett, gjennomføring av oppdrag og oppfølging av bevaringsmål som SNO har ansvar for. Forvaltningsmyndigheten og naturoppsynet skal bruke Naturoppdrag, både i planlegging og gjennomføring av oppdrag i verneområdene.

- - - -

SNO er selv ansvarlig for å planlegge og prioritere og er økonomisk ansvarlig ved gjennomføring av egne tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er allikevel viktig at forvaltningsmyndigheten drøfter tilsynsbehov med SNO og kommer med innspill til prioriteringer av tilsynsvirksomheten for kommende år.

- - - -

Tiltaksmidlene vil bli tildelt i hovedtildelingen i februar 2025. Dersom det skulle bli behov for supplerende tildelinger senere på året, meldes behov inn på e-pos t- - -»

Det har i saksførebuinga vore dialog via Teams-møte mellom forvaltarar og lokalt SNO 07.11.24. SNO følgjer opp kulturmarksskjøtsel og ferdselsregistreringar, og kan via tenestekjøpsavtaler bidra med andre tiltak. Bestilling av SNO-tenester skal skje ved innmelding i Naturoppdrag. Behova for SNO-ressurs i verneområda Jotunheimen og

Utladalen i 2025 blir innarbeidd i Naturoppdrag etter at nasjonalparkstyret har fatta vedtak om innmelding av behov for gjennomføring av tiltak i verneområda.

Merknad: Skjøtsel av kulturmark i Jotunheimen og Utladalen gjeld etablerte fleirårige tiltak, og har i alle år med lokal forvaltning vore innmeldt som tiltak under SNO sitt ansvarsområde.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO vil i møtet orientere nærare om tiltak og gjennomføring.

## Status og gjennomførte tiltak i 2024

### Stiltak

- Besseggstien opp frå Gjende fekk omfattande skader etter uværet Hans i august 2023, og det er utført omfattande reparasjon på nedre del av stien opp frå Gjende. Vidare vart det inngått avtale med Lom fjellstyre for ekstra vedlikehaldstiltak på det bratte partiet opp frå Memurubu. Rapport frå dette arbeidet i september 2024 viser status og utfordringar på enkelte parsellar som krev meir omfattande tiltak.
- Knutshøe/Øvre Leirungsdalen: I nært samarbeid med Vågå fjellstyre vart det utført kanaliseringstiltak i form av gangbaner på blaute parti, for å hindre terrengslitasje og nye stiar i myrlendte parti med mykje trakk. Behov for vidareføring i 2025.
- Sti mot Glittertinden: Lom fjellstyre har utført kanaliseringstiltak/reparasjon i 2024.
- Sti opp frå Vetti Gard mot Vettismorki og utsiktsplattform Vettisfossen: Stiltak på stien oppover lia frå Vetti gard er utsett til ein får ein fagleg gjennomgang av aktuelle sikringstiltak i form av kjetting/vaier på innsida av stien på særleg bratte parti. Avsette midlar vart omdisponert til andre tiltak (sak 37/2024 – *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - status og omdisponering av midlar til tiltak – 2024*).

### Andre tiltak

- DNT skifta ut brua over Storåe ved Gjendebu, og det var gjeve anleggsbidrag frå nasjonalparkstyret for å sikre god tilpassing til beitedyr som brukar området. Ny bru:



Foto: Olav Bergland, DNT

- Kulturmarkskjøtsel i Utladalen og ved Gjendebu er utført i tråd med planar.
- Skjøtelsplan Utladalen er teken opp til revisjon og oppdatering. Nytt utkast som låg føre i 2022 er gjennomgått av forvaltarane, og det er dialog med Enzenberger om ein del korrigeringar og spesifiseringar av natur- og kulturtiltak før planen kan presenterast og sendast på høyring.
- Det vart meldt inn behov for kartlegging av verdifulle vegetasjonstypar på nordsida av Gjende, og eit område her kom med i proritert NiN-kartlegging. Ventar på rapport. Dette er tiltak nemnd i besøksstrategien for Besseggen, under sårbarheitsvurdering.
- Det vart meldt inn behov for basiskartlegging (NiN-kartlegging) av to lokalitetar i Hurrungane. Ventar på rapport.
- Utladalen Naturhus har i tett samarbeid med forvaltninga og SNO laga ny natursti langs Folkevegen i Utladalen.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 19.01.2024.

### Overordna føringar

*Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025* frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar: «Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett - - -.

«Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.

- - -

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtelsesplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»

Strategien framhevar følgjande føresetnader for tildeling av midlar:

«Tiltak skal være forankret i en skjøtelses- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.

I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.»

I Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda står m.a.: "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd.»

## Vurdering

Det kan søkjast om tiltak til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlovas kapittel II skal leggst til grunn ved forvaltning og gjennomføring av tiltak, og visast ved ei konkret vurdering ved dei enkelte tiltaka i søknadsskjemaet. Alle tiltak skal vidare vera i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtelsesplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen/Utladalen. Ein må derfor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane og motverkar slitasje og negative påverknader av bruken. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør også ha høg prioritet. Brukarundersøking frå 2019-20 har gjeve verdfull informasjon om tiltak som blir etterspurt av brukarane.

Tildelte ressursar må i stor grad gå til tiltak for å motverke slitasje på stinettet. Det er ikkje ressursar til å kunne vera særleg aktiv på informasjon og bruk av sosiale media for å spreie informasjon og vera proaktiv i høve til å styre bruk og ferdsel innan verneområda.

Det kan synast som om Jotunheimen får meir tiltaksmidlar enn mange andre verneområde, men tildelingane må også sjåast i samanheng med besøkstalet og sårbar vegetasjon, fugle- og dyreliv, samt viktige geologiske førekomstar som også er ein viktig del av verneformålet. Dersom vi skulle fordelt tildelte tiltaksmidlar på tal besøkande, ville nok dette vist at Jotunheimen har langt mindre ressursar per gjest enn dei mindre besøkte verneområda. Det å kunne førebygge slitasje og press på verneverdiane i dei mest besøkte områda tilseier at ein kvart år må ha ressursar til vedlikehald og opprusting av stinettet, samt nødvendig kunnskapsinnhenting. Der vi ser særlege utfordringar knytt til sårbare verneverdiar, burde ein også hatt vesentleg auka ressursar til informasjon, forvaltning og oppsyn.

### **Nasjonalparkstyret og sekretariat**

Ressursar til styret og rådgjevande utval blir budsjettert og meldt inn som i tidlegare år. Det blir budsjettert med inntil 4 fysiske møte. Det blir lagt vekt på å lokalisere dei fysiske møta slik at styret får besøkt alle dei fem nasjonalparkkommunane i løpet av styreperioden.

Ein legg opp til at styret kan ha høve til å delta på synfaringar for å sjå på aktuelle utfordringar der det er behov for gjennomføring av tiltak, dersom styret ønskjer det.

2025 er andre året styreperioden, og ein studietur for å sjå på verneområdeforvaltning i eit anna område kunne gje verdifull erfaring og inspirasjon for det vidare arbeidet i styreperioden 2024-27. Ein studietur kan ikkje gjennomførast om det ikkje er tilnærma full tilslutnad, og eitt av styremøta bør samordnast med ein eventuell tur. Tiltaket er avhengig av at ein får ekstra ressurs på styrebudsjettet og at medlemmene ønskjer å prioritere deltakinga. Det blir ikkje gjeve møtehonorar for tida som ein brukar på ein slik tur; berre for eit eventuelt styremøte som blir halde i tilknytning til turen.

Sekretariatsbudsjettet må vera på eit slik nivå at forvaltarane får utført pålagte oppgaver, i samsvar med intensjonane i forvaltningsmodellen og i tråd med styrevedtekter og instruks for forvaltarane. Forventningane om at forvaltninga skal ha god dialog med kommunar, rettshavarar, grunneigarar og andre aktørar i og ved verneområda krev at forvaltarane har ressursar til å gjennomføre nødvendige synfaringar og møte. Arbeidet med skjøtsel, tilrettelegging og oppfølging av konkrete saker krev også at ein kan vurdere tiltaka ute i felt.

### **Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien**

Innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» har hatt ei trinnvis gjennomføring i Jotunheimen og Utladalen, i samsvar med løyvingar og kapasitet på personalsida til kvar tid. Den samla tilrettelegginga i tråd med merkevaren er i hovudsak gjennomført, slik at innfallsportane til verneområda har fått ein meir einskapleg profil. Det er skilt ved alle innfallsportane, med unntak av Valdresflye og Bygdin. Ved Bygdin står skilt med eldre design, som blir vurdert ved planlagt omlegging av brygge og parkering ved austsida. Informasjonsskilt ved Eidsbugarden er skada, og det blir teke kontakt med Vang kommune for oppgradering av det felles informasjonspunktet her i 2025.

Det er viktig å ha ressursar til vedlikehald og nødvendig utskifting av informasjonstavler og skilt ved behov i åra framover, og den nye potten for drift oppretta i 2024 er eit godt bidrag.

Naturstig langs Gjende er i gammal design og er nå under oppgradering i tråd med merkevaren. Ny natursti langs Folkevegen i Utladalen kom på plass i 2024. Ein eldre natursti frå Avdalen bør også oppgraderast i tråd med merkevaren, men skilta er enno i bra stand.

Det vil vidare vera viktig å halde tilrettelegginga ved alle innfallsportane ved like og eventuelt supplere med nye tiltak, i tråd med besøksstrategien, når denne blir revidert. Ved nytt

besøkscenter i Fortun vil det verta behov for skilting om nasjonalparken, på lik linje som ved tidlegare definerte innfallsportar.

Statens vegvesen må utfordrast på korrekt skilting i tråd med merkevaren. Det står i dag ein del eldre vegvisningskilt (brune skilt) til nasjonalpark langs hovudvegane som bør supplerast og oppdaterast til ny design der det framleis står skilt med den gamle logoen frå før 2014. M.a. ved Tyinkrysset manglar visning. Skilting ved Tyinkrysset har vore tema fleire gonger, og må følgjast opp nå når anleggsarbeidet der er ferdig.

Forvaltarane i Vestland har hatt ei felles henvending til Statens Vegvesen for å starte på ein prosess om nasjonalparkvisning. I Luster er det aktuelt å samordne informasjon som gjeld Breheimen, Jostedalsbreen og Jotunheimen i Gaupne sentrum.

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må ha høg prioritet i åra framover. Strategien er nå under revisjon, saman med forvaltningsplanen. Vi er på etterskott i dette arbeidet pga gjennomføring av det nokså krevjande prosjektet med nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen og tilhøyrande oppfølging av området rundt, samt større behov for reparasjonar og vedlikehald av stinettet dei siste åra.

#### Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar for verneområda er nyttige element ved innfallsportane – jf. resultat av brukarundersøking 2019. Positiv tilrettelegging på utvalde område kan også ha kanaliseringseffekt som kan bidra til avlastning av sårbare område som ikkje bør bli marknadsført. For å kunne skjerme sårbare område mot trafikk i hekke- og ynglesesong på våren, trengst auka satsing på informasjon og dialog med reiselivet. Observasjon om sårbare periodar og område blir utprøvd via **ut.no**, i samarbeid med DNT og Miljødirektoratet.

Det er ønskeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med nytt design er på plass, og dersom ein lagar temabrosjyrer om t.d. fugl må desse også gjerast tilgjengelege digitalt.

Tiltak som har vore spelt inn tidlegare som ikkje er gjennomført pga. manglande ressursar er temabrosjyrar om dyre- og planteliv. Arbeid med brosjyre for planteliv er sett i gang saman med Norsk fjellsenter. Det er vidare behov for formidling av dyreliv og andre tema som t.d. kulturminne og geologi. Det er for tida for lite ressursar til å drive informasjon slik ein ønskjer.

Informasjonscenter er eit tredje element i informasjonen. Ved Krossbu er det i samarbeid med Norsk Fjellsenter etablert geologisti inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Startpunktet for stien bør markerast betre og supplerast med miniskilt. Fjellssenteret har også ei natursti mellom Reinsvangen og Gjendeosen, og fornying av naturstien langs Gjende vil følgje same mal som denne. Det kan også vera andre område i randsonen som kan vera aktuelle for tilrettelegging med naturinformasjon.

Dei besøksretta heimesidene, [www.jotunheimen.info](http://www.jotunheimen.info) må tilpassast og oppdaterast med informasjon om Utladalen nasjonalparksenter og Fortundalen Besøkscenter.

Personalressursar med særleg kompetanse på digitale informasjonskanalar er nødvendig om ein skal kunne møte besøkande på ein meir aktiv måte; jf. sak 49/2022 i NP-styret.

#### **Stiltak**

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda rundt dei mest profilerte turmåla – Besseggen/Gjende,

Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikker eller lengre tur inn mot nasjonalparken. T.d. inn mot Bøverbreen frå Krossbu er det ein del våte parti med behov for gangbaner ut over dei som alt er lagt ut. I andre område kan stepstones vera eit godt alternativ. Val av løysing er avhengig av tilgang på stein og forholda på staden. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatt og nedbør.

Stirapportar om Besseggstien frå Lom fjellstyre og Besseggen-patroljen viser at det er nødvendig med relativt omfattande vedlikehald og oppgradering av Beseggen-stien, særleg på parsellen opp frå Memurubu. Her blir det søkt om eit større beløp for å utføre nødvendige tiltak. Det er etablert dialog med Stiskulen i SNO med tanke på å få til eit stikurs i området, som start på dette arbeidet. Besseggen-stien er tenkt som houdprosjekt i 2025, i tillegg til nødvendig oppfølging av stien opp mot Vettismorki.



Foto Tilde Øyjordet

(Henta frå rapport september 2024 frå Lom fjellstyre)

Vågå fjellstyre har kartlagt slitasje og behov for tiltak på stien langs Knutshøe i Øvre Leirungsdalen, og det er kjøpt inn gangbaner og smidde bindhakar til klopplegging av blaute parti. Arbeid utført i år har betra situasjonen vesentleg, men det er behov for lengre parti med klopper fleire plassar. Arbeidet blir foreslått vidareført i 2025, i tråd med definert behov for tiltak i rapport juli 2024 frå Vågå fjellstyre og avtale med fjellstyret. Tiltaka er nødvendige for å hindre at stien spreier seg utover i dei blaute partia, og gjev samtidig ei betre turoppleving.



Illustrasjon frå rapport juli 2024, Vågå fjellstyre

Utsiktspunktet ved Vettisfossen og stien opp frå Vetti

Ny utsiktsplattform er nå på plass, stien er lagt om frå den usikre kanten mot juvet, og brua



over Morkaelvi er sett istand. Ferdselstellar på stien opp frå Vetti viser auka besøk til området. Tilrettelegginga oppe ved utsikten er vurdert som robust nok til å tole auka trafikk, men må følgjast opp med jamleg tilsyn. Stigen opp lia frå Vetti til Vettismorki går i svært krevjande terreng, og behov for fjerning/utskifting av rekkverk/vaier på utsette punkt blir vurdert saman med fagperson og SNO våren 2025.



Det er også behov for supplering med kavlar/stepstones på den nye parsellen mot utsikten og på rundturen via Vettismorki. Rundturen frå utsiktspunktet via Vettismorki og tilbake må følgjast med på med tanke på tiltak mot slitasje frå auka besøk.

#### Andre tiltak som blir nærare vurdert for seinare oppfølging

- Svartdalen: det vart meldt inn behov for tiltak på stien opp mot Svartdalen frå Gjende, men etter synfaring av forvaltar og SNO i juni 2024 vart det konkludert med at ein først styrkar skilting/merking av stien i begge retningar. Eventuell steinsetting her vil vera nokså ressurskrevjande, og problema er størst i starten av sesongen når det ligg snø over parsellen der det før har vorte etablert nokre trapper.
- Stinettet rundt Gjendebu er prega av mykje nedbør og avrenning. Aktuelle tiltak er bortleiing av vatn og reparasjon av stiane på nokre strekningar.

#### **Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar**

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag for revisjon av forvaltningsplanen. Samtidig endrar ferdselsmønsteret i områda seg stadig, auka besøk og utvida sesongar. Dvs. at det er behov for ferdselsregistreringar særleg i området med sårbar natur som villrein og hekkelokalitetar for rovfugl. Kunnskapsgrunnlaget om villrein i Vest-Jotunheimen er oppdatert gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein.

Det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande. Kapittel om kulturminne i forvaltningsplanen vil gje føringar.

Ettersom breane smeltar tilbake ser vi også behov for å få samla kunnskapen om sårbare geologiske førekomstar og verdsetting/prioritering av desse. Med tanke på formidling vil det

også vera svært nyttig å få gode skildringar av korleis spesielle førekomstar har oppstått. Ein samlerapport med kartskildringar, lidarfoto, tidfestingar, og prioriteringar vil vera svært nyttig, både med tanke på handsaming av dispensasjonssaker, planlegging av tiltak/tilrettelegging og formidling av naturverdiane. «*Særprega geologiske førekomstar*» er ein viktig del av verneformålet i nasjonalparken og tilsvarande er «*brear og geologiske avsetningar som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*» og «*særprega landskapsformer*» viktige delar av verneformålet i landskapsvernområdet, på lik linje med t.d. leveområda for villrein.

### **Brukarundersøking**

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002, 2010 og 2019. Analysane av brukarundersøkingane er oppsummert i sluttrapportar frå 2020, og desse inneheld nyttig kunnskap for revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi.

### **Besseggen som Nasjonal turiststi**

Brukarrapporten har vore viktig i arbeidet med prosjektet *Besseggen som Nasjonal turiststi*. Nasjonalparkforvaltar ved knutepunktet i Lom er representert i styringsgruppa og har delteke aktivt i arbeidet med utarbeiding av besøksstrategi for Besseggen, m.a. når det gjeld høyringsrunden (jf. sak 22/2022). Av turmåla som inngår i det foreløpige nettverket for aktuelle nasjonale turiststiar, er Besseggen den einaste som ligg i ein nasjonalpark, og det er derfor viktig at forvaltninga deltek aktivt i prosessane her. Besseggen fekk formell status som Nasjonal turiststi i 2023. [Nasjonale turiststier - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no)

### **Skjøtsel (skjøtselsbudsjettet er administret under SNO):**

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka er omfattande, og har gått over fleire år. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen. I planen er områda gitt ein verdi, og vidareføring av pågåande skjøtsel er tilrådd. Også Strategi for bruk av tiltaksmidlar understrekar at «*Etablerte skjøtselstiltak i naturtyper som krevjer kontinuerlig skjøtsel for å opprettholde god tilstand (løpende skjøtsel), skal prioriteres høyer enn nye, større prosjekter*». Nasjonalparkstyret fekk utarbeidd framlegg til revidert skjøtselsplan i 2022, og det blir planlagt med informasjonsmøte og høyringsrunde av planforslaget i 2025.

Slåttemarker, naturbeitemarker, dei gamle styvingstrea og kantsoner i kulturlandskapet er heim for svært mange trua planter, insekt og sopp. Desse naturtypene og kulturlandskapet er ein viktig del av verneformålet for Utladalen LVO. I følgje Strategi for bruk av tiltaksmidlar har trua naturtypar prioritet 1 ved bruk av tiltaksmidlar. Slåtteeing er ein slik trua naturtype. Elles har løpende skjøtselstiltak prioritet 2 i strategien.

Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei eventuell utviding vil bety at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. I det ein prioriterer nye skjøtselstiltak vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må truaheit, og verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

### **SNO og andre prioriterte aktivitetar**

#### Ferdselsteljing

Sentrale punkt får utplassert ferdselteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid. I 2024 var det utplassert teljarar ved Besseggen/Veslløyfte, Knutshøe, på sti frå Juvvasshytta mot Galdhøpiggen, Skagastølsryggen og stien frå Vetti mot Vettisfossen (mot Vettismorki). Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Åra 2020 og 2021 gjekk trafikken ned, som følgje av coronatiltaka.

Rundt Besseggen kan det sjå ut som om det har etablert seg eit nytt ferdselsmønster etter corona-perioden, med færre båtpassasjerar og færre som går Besseggen. Endringane kan og ha samband med endra parkeringsmønster, etter flytting av parkeringa frå Gjendeosen. Analyse av resultatane må også sjåast opp mot generelle endringar i reiselivet. Teljing ved Veslløyfte bør vidareførast for å følgje utviklinga med Besseggen som nasjonal turiststi.

Teljar ved Knutshøe blir foreslått vidareført. Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø viser behov for å arbeide for å prøve å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyringar. Vidareført teljing er viktig for å kunne registrere eventuell effekt av å bruke [UT.no](https://www.utt.no) som informasjonskanal for å motivere besøkande til å unngå ferdsel vår/forsommar, når konflikt mellom ferdsel og hekking er stor.

Teljar ved Vetti har stått ved øvre stien mot Morki for å måle eventuell auke i trafikken etter at ny utsiktsplattform er på plass. Teljar ved bommen inn til Utladalen i 2020 gav ein overordna oversikt på trafikken til eit mykje nytta utfartsområde. Teljar på stien opp frå Vetti Gard viste 36790 passeringar i perioden 28. mai – 14. oktober 2024. Dette er om lag femdobling frå før plattformen kom på plass, og området bør ha årleg teljing over tid for å følgje utviklinga her.

Teljar mot Galdhøpiggen på Juvflye blir justert for å få betre måling frå Juvvasshytta utanom det som skjer i regi av lokale firma som guidar gjester over over Styggebreen.

Teljar på Skagatølsryggen har ikkje fungert. Ein betre teljar her vil gje verdfull informasjon om ferdsel i Hurrungane. Dersom ein ikkje får tilgang på nok teljarar av god nok stabilitet må ein i vurdere innkjøp av eigne teljarar.

#### Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stiltak

Tilrettelegging og vedlikehald av stiar er framheva som viktige tiltak i besøksstrategien. Forslag til stiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har lokalkunnskap og kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

#### Kontroll og registreringar

Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for aktuelle anlegg bør oppdaterast.

Ulovlege tiltak og brot på vernereglane følgjast opp. Der det er pålegg om oppretting eller rydding blir det bestilt utsjekk i bestillings skjema til SNO.

Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Reinstammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

Forvaltninga kan melde inn saker for oppfølging av SNO via Naturoppdrag.

### **Oppsummering**

Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle prioriterte innfallsportar skal ha tilrettelegging i tråd med merkevaren. All tilrettelegging må vedlikehaldast og utviklast.

Det er eit kontinuerleg behov for å motverke slitasje og erosjon på stinettet i dei mest trafikkerte områda. Jotunheimen/Utladalen har stor ferdsel samanlikna med mange andre område, og tildelingane må reflektere besøkstalet og graden av ferdselslitasje på stinettet.

Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak som det er søkt om når ein ser endeleg tildeling.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Dei endelege prioriteringane vil bli gjort ved framlegging av ny sak til nasjonalparkstyret på etterjulsvinteren, etter at tiltaksmidlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2025.

Arkivsaksnummer: 2023/14852-16

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	48/2024	20.11.2024

## Jotunheimen NP - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - øvingsplan - kjentmannskøyring - Luster Røde Kors Hjelpekorps

### Innstilling frå forvaltar

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stadfestar godkjenninga av Luster Røde Kors Hjelpekorps si kjentmannskøyring for perioden 2024-2027 som er gjeve i sak 7/2024. Løyvet er gjeve i medhald av § 3 pkt. 6.3 a) i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og gjeld aktivitet i tråd med øvingsplan godkjent av Vest Politidistrikt.

Kontaktperson SNO for førehandsmelding om aktivitet er endra til Stein Olav Windingstad, mob. 957 09 933 / e-post [stein.olav.windingstad@miljodir.no](mailto:stein.olav.windingstad@miljodir.no)

2. Ny behandling av punkt ID 101 revidert plan:

Nasjonalparkstyret viser til at Vest politidistrikt ikkje godkjenner bruk av snøscooter/ATV i samband med gjennomføring av ID101, og at dei som overordna ansvarleg for beredskap ikkje har godkjent faste årlege turar for skredfarevurdering som del av øvingsplanen.

Vest politidistrikt gjev ikkje noka beredskapsfagleg vurdering av ID 101, men viser berre til vidare behandling i tråd med pkt. 7 i *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, som omhandlar Forebyggende redningstjeneste / sikring*.

Ut ifrå føre-var-prinsippet og samla belastning finn ein det prinsippielt uheldig å opne for motorferdsel som kan medføre ei viss meirbelastning på toppen av det ein allereie har som følgje av allemannsretten. Villrein er generelt sårbar for forstyrningar, og motorisert ferdseil kan uroe reinen unødig. Våren er elles ei sårbar tid for anna vilt og for fugl. Vi viser til vilkår sett i naturmangfaldlova § 48 første ledd, om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som *«ikkje strider mot verneforsmalet og ikkje påvirker verneverdiene nevneverdig»*, og at begge vilkår må vera oppfylt.

--- slutt på innstilling ---



## Dokument i saka

- Sak 7/2024 i nasjonalparkstyret med tilhøyrande dokument: *Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024 - 2027 - Kjentmannskøyring - Luster Røde Kors Hjelpekorps*
- Sak 15/2024 i nasjonalparkstyret med tilhøyrande dokument: *Klage på avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024-2027 - Kjentmannskøyring - Luster Røde Kors Hjelpekorps*
- Brev av 16.05.2024 frå Miljødirektoratet - *Vedtak i klagesak om bruk av snøskuter for vurdering av skredfare i Jostedalsbreen nasjonalpark* (merknad: feil namn på verneområde i overskrifta på brevet frå direktoratet)
- Brev av 04.09.24 frå forvaltninga til Vest politidistrikt v/Bjørn Helge Skurtveit - *Vedtak i klagesak om bruk av snøskuter for vurdering av skredfare i Jotunheimen nasjonalpark - Oversending for vurdering*
- Brev av 15.10.24 frå Vest politidistrikt *VEDTAK - UTVIDET ØVINGSPLAN VINTER 2024-2027 FOR LUSTER RØDE KORS HJELPEKORPS*
- Luster Røde Kors Hjelpekorps - revidert øvingsplan 2024-2027 (vedlagt brevet av 15.10.24 frå Vest politidistrikt med politiets vurderingar).
- E-post av 04.11.24 frå Røde Kors v/ Pål A. Dahl - Oppsummeringsnotat etter dialogmøte (Teams) mellom Røde Kors og forvaltninga 17.10.2024.
- Klima- og miljødepartementet, brev av 15.05.20 - *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder* - [Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter](#)

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 7/2024 slik vedtak om øvingsplan og kjentmannskøyring for Luster Røde Kors Hjelpekorps:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev Luster Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannskøyring i perioden 2024-2027. Løyvet er gjeve i medhald av § 3 pkt. 6.3 a) i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Løyvet gjeld aktivitet i tråd med godkjent øvingsplan slik det går fram av tabellen nedanfor:*

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal køyretøy (snøskuter/ATV)	Tal dagar	Merknad
13	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur -Turtagrø område	Turtagrø – Dyrhaugsryggen – Skagastølsbu - Ringsdalen - Lauvnostind - Berdalsbreen - Turtagrø	8	8	Slått saman med ID 9. Skal gjennomførast før 1.april
14	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur -Turtagrø område	Turtagrø - Simlenosi - Olavsbu - Leirvassbu - Turtagrø	8	4	Skal gjennomførast før 1.april
17	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur -Turtagrø område	Turtagrø - Sognefjellshytta - Vetle Utladalen - Guridalen - Turtagrø	8	4	Skal gjennomførast før 1.april
18	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur -Turtagrø område	Turtagrø - Steindalsnosi - Fanaråkbreen - Kongsdalsnosi- Turtagrø	8	4	Skal gjennomførast før 1.april

*Med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.1 blir søknaden om gjennomføring av ID 22, ID 26 og ID 28 avslått. Villrein er generelt sårbar for forstyringar vinterstid, og tiltak som forstyrar villrein unødig,*

kan gå ut over verneverdiane, og vere i strid med verneformålet. Vi viser til vilkår sett i naturmangfaldlova § 48 første ledd, om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som «ikkje strider mot verneformålet og ikkje påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må være oppfylt.

Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vektlagt i vurderinga. Eit eventuelt løyve til aktivitetar som strengt tatt ikkje må gjennomførast innanfor nasjonalparken vil også kunne skape uheldig presedens for seinare saker og medføre fare for stor samla belastning i dette sårbare området over tid.

#### **Løyvet gjeld med følgjande vilkår:**

- *Bruk av snøskuter skal avgrensast til ruta som er godkjent av Vest politidistrikt, køyring skal vere i samsvar med øvingsplanen. Kjentmannsturane skal følgje traseane som er oppgitt i kartløyvinga [Luster RKH - øvingsplan kjentmannsturar 2024-2027 - SARTopo](#)*
- *Øvingsaktivitet i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde skal gjennomførast **før 1. april** av omsyn til villrein.*
- *Køytinga, tal dagar og tal snøskuterar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt innanfor løyveramma.*
- *Kjentmannsturane skal samordnast med nabokorps og skredgruppa, slik at turane vert køyrt samla, i tråd med godkjend øvingsplan.*
- *Tal snøskuterar bør reduserast til 4 om ikkje turen blir samkøyr med andre korps.*
- *SNO skal varslast seinast dagen før transport, og vil kunne gi melding om det må takast spesielle omsyn til villrein, og om nødvendig skal turen utsettast til tidspunkt der dyra ikkje blir forstyrre. Inn til vidare skal slik transport meldast til SNO v/ Øyvind Angard ved e-post til [oyvind.angard@miljodir.no](mailto:oyvind.angard@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 917 33 365. Dersom fleire turar skal gjennomførast i ein avgrensa periode, kan dette varslast samla. Varslinga skal merkast med vår ref. 2023/14852.*
- *Under køyting skal det takast særleg omsyn naturverdiar og evt. folk på tur i området. Dersom det blir observert villrein under køytinga, skal køytinga stoppast på god avstand til dyra har passert, evt. at ruta blir lagt om for å unngå unødig forstyring av dyra. Det skal haldast ein avstand på minst 500 meter frå villrein.*
- *Snøskuterar tilhøyrande Luster Røde Kors Hjelpekorps skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøskuterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.*
- *Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.*
- *Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. Retningsliner for kjentmannskøyting i verneområde.*
- *Dato, tal på snøskuterar, tal turar og køyterute skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 1. juni kvart år.*
- *Forvaltninga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.*

*Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. retningsliner for kjentmannskøyting i verneområde.*

*Vi gjer merksam på at dette løyvet er handsama i medhald av verneforskriftene, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.*

Luster RKH klagar på den del av vedtaket som omfatta avslag på gjennomføring av ID 26. ID26 omfattar skred-, føre- og framkommelegheitsvurdering for snøskuter i området Turtagrø - Dyrhaugstryggen - Ringsdalen - Lauvnostind – Bukkanosi i perioden mars tom. mai. Denne aktiviteten er ikkje ledd i øvingsplanen som er godkjent av politiet, og vart derfor behandla etter naturmangfaldlova § 48. For å unngå utholing av verneforskriftene er det sett strenge vilkår for bruk av denne dispensasjonsheimelen. Styret behandla klagen i møte 15.03.24, og fleirtalet vedtok å oppretthalde vedtaket om avslag, og sende saka over til Miljødirektoratet for klagebehandling.

Miljødirektoratet gjorde ved brev av 16.05.24 slik vedtak i klagesaka:  
«Miljødirektoratet opphevar vedtaket frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og sender saka tilbake til ny handsaming etter forvaltningslova § 34 fjerde ledd.»

#### Vurderingane / utdrag av brevet frå Miljødirektoratet:

Miljødirektoratet meiner søknaden skulle ha vorte handsama som ein søknad om «øvingskøyring» etter reglane i verneforskrifta § 3 punkt 6.3 bokstav a. Styret gjorde difor ein feil når dei vurderte søknaden opp mot vilkåra i den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48.

#### Reglane i verneforskrifta

Etter forskrift om vern av Jotunheimen nasjonalpark (heretter omtalt som "verneforskrifta") § 3 punkt 6.1 er motorferdsel forbode i nasjonalparken. Etter verneforskrifta § 3 punkt 6.2 bokstav a er motorferdselsforbode ikkje til hinder for mellom anna «motorferdsel i samband med redningsverksemd». Det står likevel vidare i punktet at denne regelen ikkje gjeld «øvingskøyring». Etter § 3 punkt 6.3 bokstav a, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til «øvingskøyring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a».

Ut frå ordlyden i verneforskrifta lest i samanheng, er dermed all køyring som kan skjer i samband med «redningsverksemd» i utgangspunktet lovleg utan løyve frå nasjonalparkstyret. Unntaket er køyring som kan reknast som «øvingskøyring». For å gjennomføre øvingskøyring i redningsverksemd trengst det løyve. Verneforskrifta opnar for at styret kan gje slike løyve og set ingen vilkår for at styret skal kunne gje slike løyve utover at det løyvet må gjelde «øvingskøyring».

Formuleringane om redningsverksemd er standardformuleringar. Meir eller mindre tilsvarende formuleringar om «øvingskøyring» («øvelseskøyning») har står i alle nyare verneforskrifter for Nasjonalparker. Miljødirektoratet legg til grunn at omgrepet må forståast likt i desse verneforskriftene. For å sikre at reglane blir praktisert likt på tvers av forskriftene, må vi legge stor vekt på relevante retningslinjer frå Klima- og miljødepartementet.

#### Retningslinjer frå Klima- og miljødepartementet

Klima- og miljødepartementet ga i brev av 15. mai 2020 retningslinjer for redningstenestas bruk av snøskuter i utmark og verneområde, som var ei oppdatering av retningslinjer frå 2013. I brevet går departementet nærare inn på kva dei meiner med «øvelseskøyning».

#### 4. Forberedende redningstjeneste

For at redningsaksjoner kan gjennomføres så effektivt og sikkert som mulig, skal det legges til rette for at organisasjonene kan drive øvingskøyning med snøscooter i områder hvor det kan forventes mulige redningsaksjoner. Med øvingskøyning menes nødvendig kjøring med snøscooter under organisert redningsøvelse. Grunnopplæring i bruk av snøscooter inngår ikke i dette.

Øvingskøyningen skal ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, skal derfor foregå utenfor verneområdet.

Innenfor vernede områder er utgangspunktet i de fleste verneområder at øvingskøyning er forbudt. Det er et overordnet mål i verneområder å redusere motorisert ferdsel til et minimum, derfor skal slik ferdsel begrenses til det som er strengt nødvendig. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet ved redningsoperasjoner, vil imidlertid redningstjenesten til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskøyning og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskøyning") innenfor verneområder.

Som det går fram av den siste setninga reknar departementet såkalla «kjentmannskøyning», det vil si køyring for å bli kjent i området for å vere i stand til å redde liv og ivareta eigen

sikkerheit, som ein kategori øvingskøyning. Departementet legg òg til grunn at slik køyring kan vere naudsynt.

**Kvifor meiner Miljødirektoratet køyringa i denne saka må reknast som «øvingskøyning»**  
I søknaden skriv hjelpekorpsset at formålet med køyringa er å kartlegge skredfaren for å ivareta sikkerheita for eigne mannskap. Som vi skriv over er dette nettopp slik køyring Klima- og miljødepartementet i rundskrivet har omtalt som «øvingskøyning». Dette inneber at søknaden skulle ha vorte vurdert opp mot løyveheimelen i verneforskrifta § 3 punkt 6.3 a og ikkje opp mot naturmangfaldlova § 48, slik styret har gjort.

**Kvifor meiner Miljødirektoratet at vedtaket må opphevast?**

Nasjonalparkstyret har som vi kom til over vurdert søknaden etter feil regel. Vi kan ikkje sjå bort frå at denne feilen har verka inn på resultatet i saka. Som vi kjem tilbake til under kan vi heller ikkje sjå at saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan treffe nytt vedtak. Vi opphevar difor vedtaket frå nasjonalparkstyret og sender saka tilbake for ny handsaming.

**Føringar for den nye handsaminga**

I retningslinene for redningstenestas bruk av snøskuter går det fram at forvaltningsstyresmaktene for verneområde i regelen berre skal gje løyve til øvingskøyning når ho er del av en øvingsplan godkjent av politimeisteren. Bakgrunnen for dette kravet er organiseringa av redningstenesta. Etter Organisasjonsplan for redningstjenesten, fastsett ved kongeleg resolusjon 6. desember 2019, går det fram at «redningstenesta» er samvirket mellom offentlege og private verksemder og private organisasjonar «under ledelse og koordinering av en Hovedredningssentral, samt underordnede lokale redningssentraler». Det er altså berre når hjelpekorpsset står under leiinga til ein redningssentral, det vil seie politimeisteren, at det vert rekna som «redningsteneste». Det er dermed også berre snøskuterkøyning som skjer etter køyreordre frå politiet som er køyring i «redningsverksemd» etter verneforskrifta. Det er då også opp til politiet å vurdere kva som er strengt naudsynt for hjelpekorpsset.

Vest politidistrikt har ikkje godkjent ID 26. Dette skuldast slik vi forstår det at Luster Raude Kors hjelpekorps ikkje bad om godkjenning for denne turen, då dei sende øvingsplanen til politiet, sidan dei meinte dette ikkje var «øvingskøyning» etter verneforskrifta og organisasjonsplanen for redningstenesta. Som nemnd meiner Miljødirektoratet at dette er ei feil forståing av reglane. Før styret kan fatte nytt vedtak, må difor denne turen også handsamast av politiet. Vi legg til grunn at styret etablerer dialog med hjelpekorpsset og politiet for å få avklart om politiet vil godkjenne ID 26 som del av øvingsplanen. I og med at eventuell køyring vil skje i ein periode der villreinen er svært sårbar, og der snøforholda, og dermed også behovet for å vurdere skredfaren, kan variere veldig frå år til år, bør det dialogen også vurderast om eventuell godkjenning bør skje for kortare periodar enn fire år i gangen.

Før ny behandling i styret vart saka sendt til Vest politidistrikt for ny vurdering – jf.

Miljødirektoratets standpunkt om at søknaden skulle ha vorte vurdert opp mot løyveheimelen i verneforskrifta § 3 punkt 6.3 a og ikkje opp mot naturmangfaldlova § 48, slik styret har gjort.

I revidert plan for Luster RKH har køyringa for skredvurderingar fått nemninga ID 101.

101	Mars tom. mai	Kartlegging av skred-, føre- og framkommelegheitvurdering for snøskuter	Turtagro - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Lauvnostind - Bukkanosi	4	9	Jotunheimen	For å ha fortløpande oppdatert kunnskap. Invitere med nabokorps og skredgruppa
-----	---------------	---	--	---	---	-------------	--

ID101, med søknad om 4 skuterar 3 turar årleg, er behandla slik av Vest politidistrikt: «Under ID101 søker Luster RKH om bruk av snøscootere inntil 3 dager pr år for å kartlegge og ha oppdatert kunnskap om skredfare, føre og framkommelighet, samt varsling av skredfare for allmennheten. Området det søkes om dekker det samme som for ID 9 og 13.»

«Etter politiets vurdering er bruk av snøscooter med formål som nevnt over å anse som forebyggende redningstjeneste/sikring jf. Miljøverndep. Rundskriv 13/120, pkt. 7. Bruk av motorkjøretøy til slik aktivitet utenfor verneområde krever derfor dispensasjon fra kommunen

etter §6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag. Bruk av snøscooter/ATV til slikt formål i verneområde krever dispensasjon fra verneområdemyndighetene etter §48 i Naturmangfoldloven.

### Konklusjon

**Politiet godkjenner ikke bruk av snøscooter/ATV i forbindelse med gjennomføring av ID101.** Bruk av snøscooter/ATV til formål som beskrevet under ID101 i øvingsplanen er, etter politiets vurdering, å anse som forebyggende redningstjeneste/sikring. Slik aktivitet krever derfor dispensasjon fra kommunen etter §6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, samt dispensasjon fra verneområdemyndighet etter §48 i Naturmangfoldloven jf. Miljøverndep. Rundskriv 13/120.»

Det er i vurderinga frå Vest politidistrikt vist til Rundskriv 13/120, pkt. 7. Ordlyden her er:

#### **«7. Forebyggende redningstjeneste/sikring**

*Eksempler på forebyggende redningstjeneste kan være mer rutinepreget merking/varsling av rasfare, farlige isforhold og liknende. Slikt arbeid bør i likhet med forberedende redningstjeneste vurderes i øvingsplan for redningsvirksomhet, se nærmere om dette ovenfor. Planen bør skissere beredskapsbehov og tiltak i forbindelse med spesielle snø og isforhold osv.*

*For motorferdsel i forbindelse med slikt arbeid utenfor verneområdene må det søkes om dispensasjon fra kommunen etter § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.*

*Motorferdsel i forbindelse med slikt arbeid i verneområder krever dispensasjon fra verneforskriften etter naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes til forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Dispensasjon kan gis for flere år. Der dispensasjonen fattes av et nasjonalpark- eller verneområdestyre skal dette sende kopi av dispensasjonen til Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn samt fylkesmannen.*

*Av og til kan det være nødvendig med avsperring eller skilting av et særlig rasfarlig område, eller i områder med isforhold eller isgang helt utenom det vanlige. Det er politiet som skal bedømme og avgjøre behov og omfang av slike sikringstiltak og besørge nødvendig iverksettelse. Dersom slike tiltak er aktuelt i verneområder, skal politiet melde fra til forvaltningsmyndighet og oppsyn om de beslutninger som politiet har truffet. Det vil i slike tilfeller ikke være nødvendig å søke forvaltningsmyndigheten om tillatelse. I slike helt spesielle tilfeller utenfor verneområdene, vil det heller ikke være nødvendig å søke om dispensasjon hos kommunen. Kjøreordren fra lokal redningssentral må medfølge de snøscooterne som deltar.»*

Miljødirektoratet har ikkje kommentert saka i høve til punkt 7 i retningslinjene av 15.05.20 som er utarbeidd av Klima - og miljødepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid. Miljødirektoratet har i si klagebehandling berre vurdert saka ut frå det som står i rundskrivets pkt. 4, som omhandlar ordinær kjentmannskøyering. Kjentmannskøyeringa er for at nye mannskap skal ha høve til å gjera seg kjent i område der det kan forventast moglege redningsaksjonar, medan førebyggjande redningsteneste/sikring som er omtala i pkt. 7 i retningslinjene ikkje går ut på å gjera seg kjent, men å utføre sikring og farevurdering ut frå situasjonsbetinga forhold.

Det er stilt spørsmål til direktoratet om korleis forvaltninga skal forstå det juridiske i høve til køyring som fell inn under det som er omtala i punkt 7 i rundskrivet, men tilbakemeldinga gjev ikkje noko svar på dette. I tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet sin saksbehandlar står m.a.: «- - etter politiets vurdering er Luster RHK sitt behov for kjentmannsturer dekket inn av ID 9 og ID 13 i øvingsplanen». Jeg forstår det da slik at politiets redningsfaglige vurdering er at de omsøkte turene for å sjekke snøskredfare (ID 101) ikke er nødvendige.»



Vest politidistrikt har ikkje uttrykt at turane for å sjekke snøskredfare er *unødvendige*, men har ikkje godkjent ID 101 som kjentmannskøyring i øvingsplanen etter pkt. 4 i retningslinene, men konkluderer med at det blir opp forvaltningsmyndigheitene etter motorferdsellov og verneforskrift å gjera særleg vurdering etter høvesvis § 6 i motorferdsellova og § 48 i naturmangfaldlova, med henvisning til pkt. 7 i retningslinjene i brevet av 15.05.20 frå KLD.


Kartvedlegg som viser ID 101 viser at traseane går inn i Vest-Jotunheimen villreinområde.



Norsk villreinsenter sin presentasjon av kunnskapsgrunnlaget i Kvalitetsnorm for villrein, Vest-Jotunheimen villreinområde, viser korleis området er brukt av reinen gjennom året.

[Delnormtrevest-jotunheimen | Villrein](#) :

*«Villreinen i Vest-Jotunheimen begynner normalt å trekke mot kalvingsområdene rundt 10. april, mens selve kalvingen foregår litt ut i mai måned. I de vestlige delene av villreinområdet bruker fostringsdyrene stort sett områdene ut mot Lustrafjorden og Årdalsfjorden vest- og sørvest for Tindevegen. Arealene her er mindre berørt av ferdsel og forstyrrelser enn områdene øst- og nordøst for Tindevegen, rundt Hurrungane og på Sognefjellet.»*



I den aktuelle perioden for køyring for skredfarevurderingar er delar av området vist som vårbeite for bukk (for orientering: Turtagrø ligg i nærleiken av den raude prikken)

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

### Verneformål – forskrift

Føremålet med Jotunheimen nasjonalpark er å «*ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ---
- *leveområde for villreinen*
- *kulturminne*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «*å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- ---
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høgfjell og artar knytte til desse.*
- ---

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Det er eit generelt forbod mot all motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet, jf. verneforskriftene § 3, pkt. 6.1. Etter verneforskriftene pkt. 6.2 a) er reglane i pkt. 6.1 ikkje til hinder for «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulansetjeneste, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskjøring.*» Forskriftene opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon til øvingskjøring i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): «**Øvingskjøring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).**»

Aktivitetane under ID 101 i søknaden er ikkje ledd i øvingsplanen som er godkjent av politiet. «*Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskjøring og kjentmannskjøring som ledd i en øvingsplan.*»

ID 101 blir derfor behandla etter naturmangfaldlova § 48.

### Naturmangfaldlova

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med snøskredvurdering for eigne mannskap sin tryggleik og for å rigge gateway krev løyve etter § 48 første alternativ (*Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder*, 2020), og kan vurderast for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for




vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit som berører naturmangfald, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument.

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek nasjonalparkstyret sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrta. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter, for eksempel motorisert ferdsel og bruk av snøskuter. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen, der Hurrungane ligg i grøn sone med streng dispensasjonspraksis (teig 4).



## Presedens

Det er fleire hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen, og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg dei indre delane har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Jotunheimen. Med bakgrunn i retningslinjene om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og i verneområde, dannar ikkje kjentmannskøyringa presedens i andre motorferdselsaker.



Det å kunne utføre *Forebyggende redningstjeneste/sikring* i tråd med pkt. 7 i retningslinene for redningstenestas bruk av snøskuter blir heller ikkje vurdert å skape presedens for andre brukarar enn hjelpekorpsa. Av dei 5 korpsa i kommunane rundt Jotunheimen er nok Luster RKH i ei særstilling med tanke på svært stor utfart med vårskiløping i utfordrande terreng. Dei som er i redningstenesta med krav om utrykking ved behov, kan ikkje samanliknast med t.d. guidefirma eller andre som måtte ønskje å utføre rekognoseringsturar før dei evt. tek med seg andre på tur inn i eit område.

## Vurdering

Det blir lagt til grunn at Nasjonalparkstyret si godkjenning av øvingsplanen for 2024-27 i sak 7/2024 er gjeldande – jf. godkjenning frå Vest Politidistrikt, og at opphevinga frå Miljødirektoratet berre gjeld den delen av vedtaket som det er klaga på; skredfarevurdering.

Vurderingane her tek derfor berre for seg elementet som har vore gjenstand for klagesaka, kalla ID 26 i opphavleg sak. Den førebyggande tenesta med skredfarevurdering ved hjelp av snøskuter er i revidert plan oppført som ID 101. Den gjeld for same område som ID 26, men talet på årlege turar i sesongen med vårskiløping er redusert frå 4 til 3, eller 9 turar i treårsperioden som er att fram til 2027. Reduksjonen har samanheng med det omfanget på ID 26 som er godkjent av Luster kommune etter § 6 i motorferdsellova («*delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehelga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.*»)

Miljødirektoratet har i brevet med opphevingsvedtak ikkje kommentert saka i høve til punkt 7 i retningslinjene av 15.05.20 som er utarbeidd av Klima - og miljødepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid. Direktoratet har i si klagebehandling berre vurdert saka ut frå det som står i rundskrivets pkt. 4, som omhandlar ordinær kjentmannskøyring. Kjentmannskøyringa er for at nye mannskap skal ha høve til å gjera seg kjent i område der det kan forventast moglege redningsaksjonar, medan førebyggande redningsteneste/sikring som er omtala i pkt. 7 i retningslinjene ikkje går ut på å gjera seg kjent, men å utføre sikring og farevurdering ut frå situasjonsbetinga forhold. Vest politidistrikt har i si vurdering av revidert øvingsplan med ID 101 avslått å innlemme ID101 i planen for kjentmannskøyring, og viser til vidare behandling slik: «*Bruk av snøscooter/ATV til formål som beskrevet under ID101 i øvingsplanen er, etter politiets vurdering, å anse som forebyggende redningstjeneste/sikring. Slik aktivitet krever derfor dispensasjon fra kommunen etter §6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, samt dispensasjon fra verneområdemyndighet etter §48 i Naturmangfoldloven jf. Miljøverndep. Rundskriv 13/120.*»

Vest politidistrikt har ikkje uttrykt at ID 101 er *unødvendig*, slik Miljødirektoratet sin saksbehandlar refererer det i si tilbakemelding på spørsmålet vårt om juridisk rettleiing. Politiet har berre vist til at kommunen og vernestyresmakta må behandle ID 101 særskild etter unntaksheimlane i motorferdsellova § 6 og nml § 48, slik det er vist til i pkt.7 i dei overordna retningslinjene for motorferdsel i KLDs brev av 15.05.20.

Denne klassifiseringa av tiltaket er i samsvar med det hjelpekorpsset la til grunn i sin søknad, og i samsvar med tolkinga som vart gjort av nasjonalparkforvaltninga i styresak 7/2024 da denne typen aktivitet vart behandla etter nml § 48, som aktivitet utanom ordinær øvingsplan. Denne forståinga av retningslinjene av 15.05.2020 er grunnen til at hjelpekorpsset ikkje la aktiviteten inn i sjølve øvingsplanen som politiet godkjenner og set i verk ved køyreordre, i tråd med faste rutinar. Rekognosering for skredfarevurdering blir - i den grad det vert tillate - sett i verk av hjelpekorpsset sjølv når forholda har endra seg slik at dei ser behov for oppdatering av status i området dei skal ferdast i. Det er ikkje noko fasitsvar på nødvendigheita av desse turane, men frå hjelpekorpsset si side blir det gjeve sterkt uttrykk for at dei kjenner det tryggare å sende ut frivillige mannskap på redningsaksjonar etter å ha hatt

ein rekognoseringstur inn i området rett før utfartshelger med slik værmelding at dei må forvente stor utfart. Dette må sjåast som hjelpekorpssets eige HMS-vurdering, og det er ikkje opp til forvaltninga å vurdere i kva grad køyringa er nødvendig eller ikkje.

Forvaltninga skal derimot vurdere tiltaket opp mot verneverdiar og verneformål, og kan ut frå dette likevel koma fram til at aktiviteten utgjør for stor belastning til at det kan godkjennast – jf. dei strenge vilkåra for bruk av naturmangfaldlovas § 48.

Leiar for skredgruppene i Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps gjorde i dialogmøte 17.10.24 greie for korleis redningstenesta gjer seg nytte av turar som i ID26 / nå: ID101. Turane er eit supplement til informasjonen dei hentar frå varsom.no, og vurderingane gjeld berre fram til neste verskifte. I notat frå møtet er skredvurdering omtala som «ferskvare», og det er vist til følgjande: *«Synfaring (med snøskuter) er naudsynt for å sjå korleis snøen ligg lagra i terrenget i dei einskilde traseane. Tilkomst til dei ulike områdene av nasjonalparken / LVO går oftast i kjente trasear og det er ikkje alltid alternative rutar. Vanskleighetsgraden varierar og ofte kan det vere berre delar av ein trase som utgjør risiko med skedfare.»*

I dialogmøte 17.10.24 vart det orientert om korleis ordninga har vore praktisert til nå. Etter periodar med uroleg vær, og i forkant av utfartshelgermed bra værmelding slik at dei ventar stor utfart, har desse rekognoseringane vore utført for å kunne kjenne seg tryggare, i tilfelle behov for uttrykking den komande utfartshelga.

(Merknad: I Luster RKH sin dispensasjon for perioden 1.-31. mai 2020-2023 vart det gjeve løyve til inntil fire turar med inntil 2 snøscooterar på ruta Turtagrø – Ringsdalen for tilsvarande formål, men altså ikkje like omfattande rute som ID 101 legg opp til).

Trafikken på våren har auka sterkt dei siste åra, som følgje av ei stadig aukande interesse for skirenning på våren. Den store trafikken medfører i sin tur hendingar som krev uttrykking av hjelpekorpsset, og Luster RKH viser til at dei har mange oppdrag nett i dette utfordrande området.

Politiet har overordna ansvar for beredskap, medan nasjonalparkstyret har ansvar for verneforskrift og verneverdiar. Miljødirektoratet sin saksbehandlar sitt utsegn *«Jeg forstår det da slik at politiets redningsfaglige vurdering er at de omsøkte turene for å sjekke snøskedfare (ID 101) ikke er nødvendige»* tilseier at ein ikkje skal gje nokon dispensasjon til ID 101, men saksbehandlar er usikker på om vi kan tolke politiet slik at dei meiner turane er *unødvendige*. Politiet viser berre til retningslinene pkt. 7, som omhandlar hjelpekorpsaktivitet utanom øvingsplan, og ut ifrå retningslinjene er det rom for eit visst skjønns også for det som fell inn under pkt. 7. Retningslinjene synleggjer likevel at dette berre gjeld for særlege tilfelle, da det er eit krav i retningslinjene om at ein dispensasjon forankra i pkt. 7 skal sendast med kopi til Miljødirektoratet, i tillegg til dei ordinære kopimottakarane – SNO og Statsforvaltar.

Retningslinjene gjev føring om at *«Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskjøring og kjentmannskjøring som ledd i en øvingsplan.»*

Turane som sorterer under pkt. 7 i retningslinjene blir derfor behandla etter naturmangfaldlova § 48, og skal dermed vera underlagt ei streng vurdering. Det er krav om at tiltaket *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*, og begge vilkår må vera oppfylt.

Naturverdiane i området er godt dokumentert både gjennom forvaltningsplan, skjøtselsplan og mange års forvaltningspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det vart gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018, med særleg fokus på rovfugl, og data om villrein er godt dokumentert gjennom fagnotat om kunnskapsstatus for villrein i Vest Jotunheimen (Øyjordet, I. 2016), og ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen i 2023. Vinteren er ei sårbar tid for villrein, og energisparing er viktig for dyra. Forstyrning av dyra som utløyser flukt om vinteren har difor større følgjer enn tilsvarande flukt om sommaren. Kunnskapsgrunnlaget samla i kvalitetsnorm for villrein, viser til at fostringsflokkane vil trekke ut frå Hurrungane-området rundt 10. april, slik at dei mest

sårbare dyra normalt ikkje skal halde til i området etter midten av april. Området er registrert som viktig vårbeite for bukk. Bukkane er mindre sårbare i høve til forstyrringar enn simlene i kalvingstida, men også bukkane har ei viktig rolle i flokkdynamikken. Dersom bukkane blir uroa slik at dei trekker ut av området og over mot Breheimen-området i nord, kan ein risikere at ein del av dei blir verande saman med den større villrein flokken i Reinheimen-Breheimen villreinområde.

Det må leggast vekt på at ID 101 gjeld køyring i ein generelt sårbar perioden på våren, da dyr og fuglar treng ro etter ein lang vinter. Det dreiar seg om få turar og kanskje lite press på naturen samanlikna med trafikken som følgjer av allemannsretten. Likevel er det prinsipielt svært uheldig om forvaltninga opnar for motorferdsel i ei tid av året da viltet er særleg sårbar for forstyrringar, jf. dei strenge vilkåra sett i naturmangfaldlovas § 48.

Motorisert ferdsel frå snøskuter vil også kunne forstyrre anna vilt og fuglar. Det er difor viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyrning jf. nml §10 (økosystemtilnærming og samla belastning). All motorferdsel vil vera del av den samla belastninga i desse områda. Av omsyn til villreinen vart det i sak 7/2024 sett frist for gjennomføring av godkjende øving / kjentmannskøyring til 1. april i tråd med tilråding frå Vest politidistrikt, for å unngå uroing i perioden rundt trekket ut mot kalvingsområde sørvest for nasjonalparken. Det å opne att for ny aktivitet i regi av hjelpekorpsset etter at hovuddelen av flokken har trekt ut (ID 101) må og vurderast i høve til andre verneverdiar og føringar som gjeld i høve til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlovas § 10. Det er ikkje kjente registreringar av rovfuglkekking i Naturbase, men også rype og anna småvilt treng ro i hekke- og yngleperioden.

### Konklusjon

Ut ifrå føringar i den nye villreinemeldinga om betre ivaretaking av leveområda for villrein, blir det med henvisning til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlovas § 10 og vilkåra for bruk av naturmangfaldlovas § 48 om at tiltaka ikkje skal vera i konflikt med verneformål eller gå ut over verneverdiar, tilrådd å avslå ID 101.

Dersom styret likevel ønskjer å imøtekoma søknaden om ID 101 heilt eller delvis, må det vurderast nøye om ein treng å køyre med så mange som 4 skuterar når formålet er å sjekke forholda i eit svært utfordrande terreng med mogleg skredfare. Dette er ingen kjentmannstur som inngår i ein godkjend øvingsplan (jf. retningslinjene pkt. 4 og 7), og må eventuelt utførast av erfarne korpsmedlemmer. Dei som treng å gjera seg kjent må heller styrast inn på dei godkjende kjentmannsturane som ligg inne i øvingsplanen med avvikling før 1. april. Ein reduksjon i talet på skuterar og innsnevring av tidsrommet bør vera ein klar føresetnad. Det må også ligge inne føringar om å avbryte rekognoseringa og trekke seg unna dersom ein treffer på rein, og unngå å køyra alle dei tre årege turane dersom værforholda er slike at ein kan avlyse nokon av turane.

**ST 49/2024 Eventuelt**